

*Kjære alle i styrings- og referansegruppa!*

Det nærmar seg nyttår og det siste året med forskingsprosjektet går mot slutten. Prosjektet vart som kjent etablert i 2020, og starta opp i januar 2021 med finansiering for tre år. Arbeidet har i hovudsak vore gjennomført i tre delprosjekt som har omhandla samarbeidsstrukturar, kriseleiing og brukarmedverking.

Dette året har forskargruppa i stor grad konsentrert arbeidet rundt å ferdigstille manus til ein antologi basert på det rike datamaterialet vi har samla inn. Målsetjinga med antologien er å bidra med kunnskap til fleire målgrupper, som leiande helseaktørar, akademikarar, studentar, brukarorganisasjonar, tillitsvalde, delar av det private næringsliv og spesielt interesserte borgarar. I antologien har vi forsøkt å forstå og forklare pandemihandteringa i Møre og Romsdal ved hjelp av fleire teoretiske perspektiv.

Førre veke sende vi inn manuskriptet til Universitetsforlaget - så vi går spennande tider i møte på nyåret!

Takk for godt samarbeid og gode innspel gjennom året, så håper vi å kunne møtast på nyåret der vi orienterer om antologien og status i dei ulike delprosjekta.

**Vi ynskjer dykk alle ei god jul og eit godt nytt år!**

**Beste helsing forskargruppa.**